

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.06.2016

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1 og 12:

1. Fjellfossen kraftverk
Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fjellfossen kraftverk. Området ligg i sårbart høgfjell av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi, og friluftsrretta reiseliv av stor verdi, men rår likevel til utbygging. Sjølve kraftverket må lydisolerast.
12. Leirofossen kraftverk
Omsynet til friluftsrretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området gjer det krevjande å rår til utbygging av Leirfossen kraftverk. Hordaland fylkeskommune rår likevel til utbygging av Leirofossen krafterk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Punkt 2:

Av omsyn til naturverdien, leveområde for villrein, reiseliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Nonstadgilet kraftverk.

Punkt 3-5:

Om løyve vert gitt, ber Hordaland fylkeskommune om følgjande føringar: ...

Punkt 6:

Av omsyn til naturverdien, leveområde for villrein, reiseliv og samla belastning for området rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Steinsdalselvi kraftverk.

Punkt 7-11:

Om løyve vert gitt, ber Hordaland fylkeskommune om følgjande føringar: ...»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 1 fekk 6 røyster (Sp, H, Frp) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 12 fekk 6 røyster (Sp, H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 1 og 12 fekk 9 røyster (A, V, KrF, MDG, SV) og vart vedteken.

Innstillinga punkt 2, 3-11 og 13 vart vedteken mot 2 røyster (MDG, SV).

Vedtak

Fjellfossen kraftverk

1. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi, friluftsrretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Fjellfossen kraftverk.

Nonstadgilet kraftverk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk.
3. Som avbøtande tiltak bør NVE vurderer å krevja tunnel for vassvegen til kraftverket.
4. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask revegetering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.

5. Av omsyn til villrein må støydempende tiltak vektleggjast.

Steinsedalselvi kraftverk

6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Steinsedalselvi kraftverk.
7. Av omsyn til sårbart høgfjellsområde av stor verdi, leveområde for villrein av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå konsesjon for inntak 3.
8. Tilførselsvegen til kraftstasjonen må i størst mogleg grad vera landskapstilpassa utan store synlege skjeringar og fyllingar.
9. Alternativ bruk av tunnelmassar framfor massedeponi i tiltaksområdet bør vurderast.
10. Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar, minst mogleg utsprenging i traséane og rask revegetering på stadleg masse må ha høg prioritet i prosjektet.
11. Av omsyn til villrein må støydempende tiltak vektleggjast.

Leirofossen kraftverk

12. Av omsyn til friluftsrretta reiseliv av stor verdi og samla belastning for området, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Leirofossen kraftverk.
13. I samband med konsesjon og utbygging av småkraftverka Fjellfossen, Steinsedalselvi og Leirofossen må kulturminneverdiane vera avklart etter kulturminnelova § 9.